

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Maj.  
0301 Oslo

## Høyringsuttale «Forslag til endringer i forskrift om økonomisk og teknisk rapportering, inntektsramme for nettvirksomheten og tariffer»

Vi viser til NVE sitt forslag til endringar vedrørende kryssubsidiering, høyringsdokument 4-2014, med høyringsfrist 10. oktober.

NVE varslar eit ønske om å endre forskrifter for å motverke kryssubsidiering mellom konkurranseutsett verksemd og nettverksemd, for å sikre at nettkundane ikkje må betale meir enn naudsynt for sine nettenester.

I høyringa ønskjer NVE å innføre:

- Generelt krav om konkurranse på nettselskapene sine kjøp i konsern, der kostnadene vert ført under nettselskapet sin verksemd
- Krav om at felleskostnadene i integrerte selskap vert fordelt etter faktisk bruk

NVE ønskjer å implementere endringane 1. januar 2015.

### Generelt

- SFE Nett AS er som eit dotterselskap i SFE-konsernet einig i at det er ei viktig oppgåve for NVE å forhindre at kryss-subsidiering skal gje høgare kostnadene for nettkundane enn naudsynt. NVE har allereie i dag heimel i forskrift for å kontrollere at transaksjonane i dei to problemstillingane i høyringsforslaget skal skje til marknadsvilkår. Ved mistanke om utnytting eller brot på dagens regelverk er det mogleg å føre tilsyn som avdekker og stopper dette med heimel i allereie eksisterande forskriftstekst. Det må vurderast om det er meir rasjonelt å auke ressursbruk hos NVE til utvida kontroll av internprising enn å auke ressursbruk hos alle landets mange nettselskap for å implementere endringsforsлага.
- Forsлага til NVE er relativt uklare og lite presis på praktisk gjennomføring. Det verkar av den grunn problematisk å implementere eventuelle endringar allereie frå 1. januar 2015

### Konkurranseutsetting av alle kjøp av varer og tenester i nettselskapene

- Føresetnad for ei konkurranseutsetting ved kjøp av tenester er at det finnes eit fungerande leverandørmarknad. Norge er eit vidstrakt land, og marknadstilhøva er svært ulike rundt i landet. Det sentrale austlandsområdet har t.d. andre marknadstilhøve enn

### Sogn og Fjordane Energi AS .....

Bukta, 6823 Sandane	SFE Nett AS	SFE Produksjon AS	SFE Kraft AS	Svelgen Kraft AS
Teléfono: 57 88 47 00	Heimeside: <a href="http://www.sfe.no">www.sfe.no</a>	Org. nr.: 984 882 114	Org. nr.: 984 882 106	Teléfono: 57 79 61 00
Telefaks: 57 88 47 01	Org. nr.: 984 882 092	Bankkonto 8580.13.93093	Bankkonto 8580.13.93069	Org. nr.: 986 530 649
Kundesenter: 57 88 47 47	Bankkonto: 8580.13.92356	Besøksadr. Hamregata 1, Florø	Bankkonto 8580.13.93662	Bankkonto: 8580.13.93182
E-post: <a href="mailto:post@sfe.no">post@sfe.no</a>				Besøksadr.: Svelgen

mange andre områder i landet. Vi meiner dette kan gje utfordringar om NVE sitt forslag vert implementert.

- Det er stor variasjon på innhald i tenestekjøp mellom selskap i konsern. Det kan dreie seg om t.d.:
  - Beredskapsavtalar, drift og vedlikehald (t.d. mellom nett og produksjon)
  - Personaladministrasjon
  - Arkiv/administrasjon/sentralbord
  - Økonomifunksjon
  - Finans
  - Eigdomsutvikling/vaktmestertenester
  - Driftssentral
  - IKT, inklusive samband og signaloverføring
  - Kundesenter

Nokre av tenestene er mogleg, og kanskje tenleg, å konkurranseutsette i dei tilfelle der det finnes ein fungerande leverandørmarknad. Andre tenester meiner vi ikkje er ega for utsetting til eksterne. Til dømes er administrative tenester som økonomi og kundesenter avhengig av tunge informasjonssystem som det er gode grunner til bør vere felles for konsernet. (Sjølv sagt med dei sperrer som kjem av nøytralitetskrava). Vi meiner og det er gode grunnar til å ha intern kompetanse i selskapa på viktige beredskapsområde, som t.d. IKT.

NVE sitt forslag til endring i regelverk tar ikkje inn over seg at det er forskjell på dei ulike tenestekjøp i konsern. Etter vår mening må NVE og bransjen einast om kva typar tenestekjøp det er tenleg å krevje konkurranseutsetting på, dagens forslag der alle tenester skal ut på marknaden kan ikkje vere rasjonell.

- I OED sin nylege rapport «Et bedre organisert strømnett» skisserer ekspertutvalet ei løysing der det skiljast mellom kjøp av tenester av administrativ art og andre vare- og tenestekjøp. Vi meiner dette er ei meir rasjonell løysing enn NVE sitt forslag om å krevje konkurranseutsetting av alle kjøp av varer og tenester.

#### **Felleskostnadar i integrerte selskap skal fordelast etter faktisk bruk**

- SFE Nett AS støttar NVE sitt forslag om at reell bruk av fellesressursar som hovudregel skal ligge til grunn for fordeling av kostnadane ved ressursbruken.
- Forslaget inneholder i liten grad føringar for korleis praktisk innarbeidning kan gjennomførast. Forslaget må detaljerast meir før det er mogleg å vurdere kva konsekvenser ei gjennomføring vil få for nettselskapa.
- Ei fordeling som skissert i forslaget må vere basert på bruk (eller nytte) over tid. T.d. vil kostnad med felles beredskapsmateriell vere vanskeleg å fordele etter faktisk bruk. Eksempelvis vil ein felles beredskapstransformator for produksjon og nett normalt ikkje vere i bruk i det heile. Vi meiner fleire aspekt enn «faktisk bruk» må nyttast for å få ei relevant kostnadsfordeling.

## **Konklusjon og oppsummering**

SFE Nett AS ser at det er ein moglegheit for at kryss-subsidiering kan føre til auka kostnadane for brukarane av nettet. Dagens eksisterande regelverk gjev etter vår meining NVE god moglegheit til å regulere og kontrollere dette.

NVE sitt forslag om konkurranseutsetting av alle kjøp frå nettselskapet er etter vår meining ikkje samfunnsmessig rasjonell. Marknadsmessige, økonomisk/administrative og beredskapsmessige tilhøve tilseier at nokre tenester truleg ikkje bør settast ut.

Fordeling av kostnadane ved felles ressursar etter faktisk bruk vert støtta. Forslagets nytteverdi vil vere avhengig av detaljeringsgrad og administrative og rapporteringsmessige krav til ressursbruk.

I vurdering av implementering av NVE sitt forslag til endring av forskrift må det vurderast total ressursbruk. Forslaget vil truleg gje redusert ressursbehov hos NVE, men gje auke av ressursbehov hos nettselskapet.

Første januar 2015 som implementeringsdato for eventuelle forskriftsendringer ser for oss ut som ein for kort frist for å få ei forsvarleg sakshandsaming og implementering. Det vert foreslege å utsette dette til 2016.

Med helsing  
SFE Nett AS

  
Asgeir Aase  
Nettdirektør SFE Nett AS

Torgrim Øvrebo  
Seniorrådgjevar Nett